

## Innfallsport Innerdalen helheitlig plan - prosess og plan.

### Referat frå befaring i Nerdalen og videre gang i arbeidet og tilbakemelding på foreslårte føringar for arbeidet videre

#### Oppsummering av dagens situasjon

Trafikken til Innerdalen landskapsvernområde har hatt en eksplosiv vekst sia området vart verna i 1967. Det er no ein årstrafikk på ca 50 000 passeringer gjennom gardstunet, og videre etter driftsvegen til mine beiter og dyrkamark. Denne trafikken trur vernemyndigheten vil auke kraftig i åra framover. I takt med dette så har nærings- og anleggstrafikken til dei etablerte turistbedriftene i Innerdalen hatt en tilsvarende vekst for å kunne betjene turisttrafikken og for å utvikle destinasjonene.

Årsaken til trafikken er at Innerdalen er blitt verna. Verneområdestyre og kommunen markedsfører Innerdalen landskapsvernområde som «Norges vakreste dal» med muligheter til eit breidt aktivitetsnivå. Alt fra eit variert friluftsliv til spektakulære klatreopplevelser slik som beskrevet i faktaark og publikasjoner vernemyndighetene utgjev, og alt er pynta med vakre naturbilder. Dette har fanga oppmerksamhet i inn-og utland frå reiselivsnæring, media med blant annet talrike TV reportasjer, avisartiklar og artiklar i mange tidsskrifter.

Turisttrafikken går i dag igjennom gardstunet uten at kommune og vernemyndigheter har gjort avbøtande tiltak hittil. Dette er svært utfordrande for gårdsdrift og ikkje minst bolyst. Skal eg gå i fjøsen må eg i perioder tråkle meg fram mellom turistane, skal eg kjøre med traktor så må jeg stoppe opp for det er ikkje plass på veggen, og risiko for å livsfarlige situasjoner er overhengande når en kjører med store landbruksreiskapar. Det vandrar folk både i driftsbygninger og hagar. Hovedinngangen til våningshuset og kårhuset kan ikkje benytast til opphold all den tid trafikken går ca. fem meter framfor trappa. I praksis har vernemyndigheten og kommune ført en forvaltning som langt på veg har bortvist meg fra mitt eget gardstun og driftsveg. Det er berre å konstatere at tålegrensa er nådd.

#### Utviklingsplaner

Vernemyndighetene har store planer på tilretteleggingstiltak i Nerdalen som er innfallsporten til Innerdalen. Det arbeidast også med å utvikle ei ny turistbedrift i Nerdal. Turistbedriftene i Innerdalen er i stadig utvikling med tilretteleggingstiltak, nybygg og tilhøyrande anleggsdrift. Suksessfaktoren er markedsføringa av Innerdalen. Alt dette vil ytterligare gje meir trafikk gjennom mitt gardstun.

#### Møte/befaring med verneområdestyret / kommunen den 17.8.23 i Nerdalen

Eg fekk den 17.8. hove til å legge fram utfordringene eg har fått med denne eksplosive trafikken gjennom gardstunet og med krav om vegomlegging. Verneområdestyret innsåg at denne trafikken ikkje kunne fortsette gjennom tunet. Styret fatta eit vedtak dagen etter : Det **forutsettes** at det bygges gangvei for å unngå ferdsel gjennom tunene. Anbefaler nedre trase, men er open for andre alternative løysningar.

#### Kommentarer til føringar

Det er no foreslege å bygge ein gangveg med høg standard og breidde som gjer den godt eigna for maskinelt drift og vedlikehold. Dette blir altså ein veg som ein ikkje kan kjøre på. Dette er ikkje ei

god løysning og den er på ingen måte framtidsretta.

Dessuten kan det ikkje aksepterast å innregulere ein gangveg da det vil stoppe meg fra å bruke traktor for tilkomst i to beiter i forbindelse med hogst, rydding og gjerding m.m. Dersom kommunen opprettheld regulert gangveg må ein annen trase veljast. Eg kan ikkje ofre delar av mitt beste beite til ein gangveg som fint kunne blitt lagt i utmark over gardane.

Etter mitt syn er det den klart beste løysninga for alle partar at det blir bygd en bilveg etter den nederste traseen.

På befaringa vart det nemnt at kommunen må tenkje langsiktig. Generasjonar fram. Det må også vi.

**Det er ikkje aktuelt å byggje en ny kjørbar «gangveg» som går midt igjennom innmarka på eigendomen samstundes som bilar, traktorar og andre doningar dundrar gjennom tunet.  
Dette er rett og slett umleg for meg å akseptere.**

### **Avbøtande tiltak**

All ferdsel til fots,med bil, landbruksmaskiner,og andre maskiner flyttast bort frå dagens trase(gjennom tunet) Andre løysninger kan ikkje aksepterast.

1. Det etableres en adkomstveg etter nedre trase som omtalt i befaringsrapport av 9.11.23.
  - a. Den nye vegen skal avløyse all trafikk som går på dagens trase. Den nye vegtraseen vil bli bedre enn dagens trase for alle brukarar.
  - b. Ingen tilretteleggingstiltak skal iverksettast før den nye vegen er bygd.

I private reguleringsplaner skal det setjast rekkefølgjebestemmelser som sikrer at vegen blir bygd før andre tiltak i reguleringsplana iverksettast.

### **Vegen vidare**

Vi er glade for kommunen og vernemyndigheiten no har erkjent sitt ansvar for trafikken og eg ser fram til ei snarlig løysning.

*Eg viser også til vedtak i verneområdestyret på at vegomlegging skal på plass før vidare tilrettelegging av området iverksettast*

Eg ser fram til at vernemyndigheita i samarbeid med kommunen iverkset planarbeid.

Eg ser også fram til et godt samarbeid med verneområdestyre, kommunen og andre berørte partar i den videre prosessen.

Hilsen  
Jørgen Singsdal